



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

Mars 2021

64. årgang



God påsketid!

REDAKTØR: Kyrkjeverja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
tlf. 57782090/97044591

kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no

REDAKSJON: Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
tlf. 48228353. annetveit46@gmail.com

KORREKTUR: Marit Sandal,**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

VIPPS: Brekke: 85357, Gulen: 85358,
Mjømna: 85360.

TRYKKERI:

ETN Grafisk, 3701 Skien

**SOKNEPREST i GULEN, BREKKE
og MJØMNA SOKN:**

Per Børge Hillestad. tlf. 93442919.
per.hillestad@gulen.kyrkja.no

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognnes

Tlf. 57782090/97044591. Fri fredag.

kyrkjeverja@gulen.kyrkja.no

KONTORPERSONALE:

Margrethe Skåden, Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og
fredag kl.08.00-12.00.

post@gulen.kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,
5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

**GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-
LESRÅD:**

Leiari: Kåre Sigurd Krakhella

Tlf. 90075286

kaare.krakhella@icloud.com

Nestleiar: Mina Cathrin Dahl

Andreassen Tlf 92631866

mina.andreassen@hotmail.com

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: *Kyrkja i Gulen.*

Redaksjonen

Neste nr. kjem i juni/juli. Frist: 1. juni.

Nytt frå kyrkjeverja

Vi håpa på betre tider og færre restriksjonar då vi gjekk inn i det nye året.

Slik blei det ikkje. Dei to første vekene av januar var kyrkjene stengde, berre gravferder blei gjennomførte. Deretter blei det tillate med ti personar på gudstenester fram til 23. februar, då covid-19-forskrifta blei endra. Det nye er at kravet om fastmonterte benker for å vere fleire enn ti personar blei endra til krav om faste, tilviste plassar innandørs for inntil 100 personar.

Ved innandørs arrangement er det større risiko for smittespreiing, særleg om lokala er små og har dårleg ventilasjon. Ved faste, tilviste plassar kan ein vere inntil 100 deltakarar innandørs, og utan faste tilviste plassar berre 10.

Kravet om 1 m avstand gjeld, og 2 m ved fellessong. Det betyr at med felles salmesong må ein ha 2 m både framover og til sides. Dei som er i same husstand (bur saman), kan sitje saman, med 2 m til neste gruppe.

Kyrkjene våre er av ulik storleik, og deltakartalet blir tilpassa desse krava.

Merk: Private samankomstar som minnesamvær, familieselskap o.l. i lånt/leigd lokale har maks 10 deltakarar innandørs og 20 utandørs. Det gjeld sjølv om det er knytt til eit kyrkjeleg arrangement med andre antalsbegrensingar.

Oppdateringar blir lagt ut på heimesida og på Facebook. Lokale utbrot kan føre til strengare tiltak på kort varsel, inkludert endringar i gudstenestelista.



Altartavla i Brekke

Frå avmakt til styrke – mi påske

Vi kjenner godt til - og trekkjer ofte fram – disiplane si avmakt, at dei var feige og redde og hadde så lite tru. Frå påskeforteljingane hugsar vi korleis Peter tyr til sverdet i Getsemanehagen og seinare fornektar Jesus tre gonger og bruker bannskap for å understreke si lygn. Dei andre disiplane kunne det dei også, og sovna mens Jesus sjølv var i bøn for å kunne halda fokus på og førebu seg fram mot det som skulle hende i påska. Nokre gonger er det reint oppbyggjande for oss å lese om. For kven strevar ikkje til tider både med mangel på frimod og oppleving av avmakt? Eg er glad at Bibelen ikkje pyntar på slike ting. For det gjer

han både meir truverdig og meir aktuell i mitt eige liv som Jesu disippel.

Jesus sin forsoningsdød og si oppstode i påska endra disiplane totalt. Jamne møte med Jesus i tida etter påske- og pinsehendinga, då disiplane fekk Den heilage ande, forvandla dei. Frå å vere handlingslamma personar med oppleving av avmakt, vart dei til personar med stort mot og frimod. Peter, stor i munnen som han var, og med sine mange nederlag, han heiv seg i sjøen etter den store fiskefangsten på Tiberiassjøen (Joh 21). Han gløymde all prestisje med omsyn til eit flott stup i sjøen, som andre ville kunne tykkje om.

Han bokstaveleg talt kasta seg i sjøen for å syne tydeleg for Jesus at noko hadde skjedd med han.

Og for ikkje å snakke om det som skjedde på pinsedagen: Med frimod, kraft og styrke – langt frå ein følelse av avmakt – forkynte han Jesus som Frelsar og Herre (Apgj 2): «...og den dagen vart om lag tre tusen lagde til kyrkjelyden». No hadde det skjedd at dei våga alt for evangeliet si skuld. Også livet. Paulus summerer opp dette slik: «For eg skjemmest ikkje ved evangeliet» (Rom 1,16). Slik starta alt. Vi har no også fått evangeliet, fordi nokon delte og gav evangeliet vidare.

Kva med oss disiplar i Noreg i dag? Kva med oss som kyrkje og kyrkje-lyd?

Det er med fryd og glede at vi kan sjå at det blant oss er mykje frimod og

styrke, skapt og gjeven av Den heilage ande.

Samstundes kjenner vi også til strid, ueinige leiingar og mangel på tillit til Meisteren sjølv, til Guds ord og vår kyrkje si vedkjenning. Vi står nokre gonger igjen med følelsen av avmakt som tappar oss for styrke og frimod i kristenlivet. Dermed kan vi også lett bli frårøva stoltheit over - og tilbedinga til - Jesus.

Vi må hjelpe kvarandre til frimod og stoltheit over Jesus når vi kjem saman!

Påska kan gje oss dette frimodet og denne stoltheita.

Det er eit faktum at Gud er ein forsona Gud som er rausare enn vi nokon gong greier å vere mot kvarandre, at han deler ut av alt sitt, lar oss vere arvingar til Guds rike, tilgjev, reiser opp, hjelper oss til å lyfte hovuda våre i glede og lovsong. Dette skaper frimod, gjev styrke og set oss fri til å tene Gud og tene kvarandre.

Den heilage ande og heile Hans kreativitet samhandlar med kreativiteten kvar enkelt av oss har fått av Gud, slik at vi blir medarbeidarar i det å dele evangeliet med kvarandre i ord og gjerning.

Påskeglede skal følge oss kvar dag, heile året og heile livet.

Lat derfor denne gleda sleppast laus i oss, slik at andre både kan sjå og høyre ho. Denne gleda er Jesus-jubel, ei glede som må få lov til å bevege vår tunge, våre lepper, vår heile kropp, våre tankar og våre gjerningar!



For å seie det med Bernhard Kyamanywa frå Tanzania sine salmeord:

*Han er oppstanden. Halleluja!
Lov ham og pris ham! Halleluja!
Jesus, vår Frelser, lenkene brøt.
Han har beseiret mørke og død.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!*

*Tre dager dødens fange han var
før han stod opp og seiren var klar.
Tvers gjennom gravens stengsel han gikk.
Frelse og fred ved Jesus vi fikk.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!*

*Engelen ropte: Frykt ikke mer!
Han som du søker, er ikke her.
Se, der er stedet hvor han ble lagt.
Han har stått opp, som selv han har sagt.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! Vår Jesus er her!*

*Gå og fortell at tom er hans grav.
Livet han vant, da livet han gav,
gav det for oss og kjøpte oss fri.*

*Frelse og fred han alle vil gi.
Lov ham og pris ham, vår Frelser og venn
han som gir synderen livet igjen!
Halleluja! Vi skyldfrie er.
Halleluja! vår Jesus er her!*

Signa god påske – signa sterkt
disippelskap!


Per Børge Hillestad

Bekjennelser

I begynnelsen var alt klart.
Som vannet i elva hos farmor, når jeg
smøg meg ut tidlig en morgen og
tasset gjennom det duggvåte gresset
mens de andre sov.
Elva omsluttet hele min verden som
ennå var hel.
Mor lærte meg «Fadervår» og sang
«Ingen er så trygg i fare...»
Livet gikk opp og var trygt og
forutsigbart.
Senere fosset livet fram og elva ble
striere og vanskeligere å gå ut i.
Med årene har jeg gjort enda en over-
lapping, lagt på enda et fargesjikt.
Den Guden som vokter alle barn på
jorda, er blitt mer kompleks og mot-
setningsfull. Allikevel tror jeg.
Jeg hadde ikke holdt ut, uten Gud.
Når et menneske lider og ingen er der,
har jeg et barnslig behov for å tro at
det er en Annen der. Hele tiden.
Tanken på at noen dør alene, er en
tanke jeg ikke hadde holdt ut.
Til slutt skal Gud beseire alle
monstrene. Jesus dør på korset i et
mørke som har senket seg over
jorden. Med et skrik oppgir han
ånden. Og der kunne det ha sluttet,

med kaosets endelige seier.
Men det jeg vil tro og måtte tørre å
tro, er at det ikke sluttet der.
At det er en fortsettelse.
En gjenopprettelse, en oppstandelse.
At det umulige er mulig.
At livet seirer over døden.
At Gud seiret over kaos.
Gud er hos oss.
Han vender sitt ansikt mot oss og gir
oss fred.

Jan Arne Evensen



Årsmelding for Gulen kyrkjelege råd og Gulen kyrkjelege fellesråd 2020

**Alle er velkomne – ingen er
perfekte – alt kan hende**

Slik står det på heimesida til kyrkja i
Gulen, og i dette ligg nok meir vis-
dom enn det som var tenkt då det blei
skrive.

Pandemiåret 2020, då det vesle viruset
som blir kalla covid 19, snudde om på
alt. I kyrkjene våre inviterer vi til

gudsteneste, dåp, konfirmasjon og samlingar av ulike slag, og vanlegvis ynskjer vi alle velkomne til kyrkje. Så blei verda annleis, og det handla meir om å avgrense, utsetje eller avlyse all aktivitet, og ikkje minst avgrense kor mange som kunne delta. Ingen greidde å forutsjå det, og etter kvart har vi hatt nok med å henge med på nasjonale, regionale og lokale smittevernrestriksjonar. Det vi hadde planlagt éi veke, har vore uråd å gjennomføre den neste, og både stab og tillitsvalde har blitt utfordra på til ei kvar tid å vere oppdaterte og à jour. I denne tida har vi lagt vekt på å vere med på den «nasjonale dugnaden» og hindre pandemien frå å spreie seg ut-over land og rike utan kontroll.

For staben har det vore krevjande, men alle har følgd opp dei ulike råda på sin plass. Kurs i reinhald i kyrkjene har blitt gjennomført, men også der har det vore mykje å passe på, med reglar for bruk av puter i benkene, kyrkjekaffi, offer og nattverd, der reglane endra seg stadig vekk.

Det gledelege er at det ikkje har vore smitteutbrot knytt til kyrkjelege seremoniar i Gulen, det er vi svært takksame for.

Det må også seiast at det har vore eit godt samarbeid med smittevernlegen, og god rådgeving og rettleiing på korleis vi i kyrkja kunne følgje opp tiltaka best mogeleg.

Omtrent samtidig med at «korona-året» starta 12. mars, skulle Gulen få ny prest. I starten av året var Bjørn Magne Hansen og Geir Sørebo fram-

leis i vikarteneste, men frå påsketider skulle nyttilsett prest Per Børge Hillestad ta over. Det har sine utfordringar å starte samtidig med ein pandemi, og Per Børge starta ikkje opp før etter påske.

Ikkje det enklaste å vere ny på ein stad når ein skal halde avstand, ikkje gå på besøk, og vere forsiktig med kontakt, men Per Børge greidde likevel å få kontakt med dei han møtte, sjølv om det var avgrensingar.

Men starten blei likevel langt frå kva som var forventa, det var berre å innrette seg på beste vis, og staben har prøvd å tilrettelegge så godt som råd. Noko av det som kjem til å stå att etter dette året, er dei digitale gudstenestene som Per Børge Hillestad produserte; gudstenester av høg kvalitet både når det gjeld innhald og teknisk.



Plakaten til den digitale pinsegudstenesta

Pinsegudstenesta blir vanlegvis lagd til Gulatinget, men då det blei klart at den ikkje kunne gjennomførast, sette presten i gang med å planlegge ei digital gudsteneste i staden. Den blei godt motteken, og nådde lenger ut enn ei vanleg pinsegudsteneste nokon gong vil gjere. Erfaringa var så god at det til jul kom ei bestilling frå prostsen,

som ynskte å få produsert ei julegudsteneste frå Gulen, Solund og kyrkjene i Nordhordland.

Dette blei eit stort prosjekt med mange involverte, mykje reising og mange opptak før alt kunne redigerast og leggst ut julaftan.

Men på denne måten kunne folk som ikkje kunne gå til kyrkje julaftan slik dei bruka å gjere, sitje heime i sofaen og gå inn i jula saman. Annleis, men likevel eit fellesskap ved inngangen til jula.

Når vi ser tilbake på dette året, tenkjer eg spesielt på konfirmantane. Det blei eit svært spesielt år for dei, som måtte utsetje konfirmasjonane til hausten. Samtidig starta eit nytt kull opp, og alle såg fram til litt meir «normale» tider.



Det var innsetjingsgudsteneste for Per Børge Hillestad 23. august i Gulen kyrkje, med både dåp og konfirmantpresentasjon.

Pandemien har vart lenger enn vi trudde, og det har medført tilpassingar på alle område i det kyrkjelege arbeidet. Slik ser det også ut til å bli vidare inn i 2021, så vi må berre halde mot i kvarandre, halde smitten unna og ta vare på kvarandre så godt vi kan.



Dette er det første året mitt som kyrkjeverje i Gulen, og eg vil takke for god mottaking.

Samarbeidet med staben og med Gulen kyrkjelege råd/fellessråd har vore godt, det same har samarbeidet med kommunen. Mi oppleving er at kyrkja i Gulen står sterkt som tradisjonsberar, samtidig som ein er open for nye arbeidsformer. Det har sjølv sagt til tider vore tungt å måtte avlyse samlingar, t.d. med heile konfirmantkullet, men nyepresten har prøvd å tilpasse samlingane så godt det let seg gjere. Vilråa dette året har vore spesielle for alle.

Det eg mest ynskjer for 2021 er at vi på nytt kan ynskje alle velkomne til kyrkje, og at vi der i fellesskap kan vere nær både Gud og menneske!

*Ingunn Sogtnes
Kyrkjeverje*

Råd og utval

Det har vore 7 møte i Gulen kyrkjelege råd/Gulen kyrkjelege fellesråd. Perioden til GKR starta opp 01.11.19, medan GKF starta 01.12.19 (etter valet).

2020 er det første året med berre eitt råd, og i saker som skal handsamast i fellesrådet, så tiltrer kommunal representant.

I kvart av dei tidlegare sokna er det no eit sokneutval, der to av rådsmedlemene er med.

Det er oppnemnt eit arbeidsutval som består av leiar, nestleiar, prest og kyrkjeverje, og eit administrasjonsutval som har bestått av tre frå fellesrådet og to frå dei tilsette.

Frå fellesrådet: Kåre Sigurd Krakhella, Mina Andreassen og Åse Haugen.

Frå dei tilsette: Margrethe Skåden og Peter T. Jobbagy.

Medlemer med vara i Gulen kyrkjelege råd/ fellesråd 2020:

Frå Brekke:

Einar Takle og Kåre Sigurd Krakhella

Vara: Jan Even Østerbø, Herfynn Takle og Olaug Tveit Evensen.

Frå Gulen:

Åse Haugen og Haldis Steine.
Vara: Asbjørn Karl Neverdal (døydde i september), Anita Vevang Nilsen (fri-tak frå 15.12.) og Elin Systad Lihaug.

Frå Mjømna:

Anne Kristine Evjenth Ytreøy og

Mina Cathrin Dahl Andreassen.

Vara: Bente Iren Haugen, Sølvi-Ann Oddekalv og Arve Mjømen.

Geistleg representant:

Bjørn Magne Hansen (til påske) og Per Børge Hillestad (etter påske)

Vara: Geir Sørebo (til påske) og Bjørn Magne Hansen (etter påske).

Kommunal representant i GKF:

Odd Harald Eide.

Vara: Ingolf Wergeland.

Leiar: Åse Haugen

Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella

Tilsette

Frå oktober 2019 har kyrkjeverje Trude Brosvik permisjon pga politiske verv, og Ingunn Sognnes er kyrkjeverje i eit 4-års vikariat.

Kyrkjeverje: Ingunn Sognnes (80 %)

Kontorfullmektig: Margrethe Skåden (20 %)

Organist: Peter T. Jobbagy (60 %)

Kyrkjelydspedagog: Peter T. Jobbagy

Kyrkjetenar Mjømna: Peter T. Jobbagy

Kyrkjetenar Gulen: Astrid Øie Tveit

Kyrkjetenar Brekke: Randi Trædal

Klokkar Gulen: Aage Olav Sandal

Maren Daae Eide har blitt innleigd i inntil 10 % til konfirmantarbeidet slik som tidlegare.

Av dei samla 2,36 årsverka er det to menn (105 %) og fire kvinner (131%). I tillegg kjem prest i 100 % stilling, men GKF er ikkje arbeidsgjevar for presten.

Klokkartenestene i Brekke og

Mjømna blir løyst av frivillige, medan

Aage Sandal er klokkar i Gulen.

Gudstenester, dåp og konfirmasjonar

Kullet 2019/20

Kullet 2019/2020 fekk dessverre konfirmasjonsgudstenestene sine utsette frå våren til hausten på grunn av Covid-19.

Men 6. september vart det arrangert ei flott konfirmasjonsgudsteneste i Brekke, og 26. september var det flotte konfirmasjonsgudstenester i Eivindvik. Vi arrangerte to gudstenester i staden for éi, på grunn av gjeldande smittevernreglar med begrensingar i antal deltakarar.

Ola Johannes Jordal, som har fungert som konfirmantleiar saman med Helle Kartveit og Maren Daae, var sjukmeld, så Geir Øy var liturg for konfirmantane i Brekke, medan Per Børge Hillestad konfirmerte i Eivindvik.

Helle Kartveit og Maren Daae heldt rørende innlegg og fortalde frå konfirmantåret begge stader.

Kullet 2020/21

Vi er glade og takksame for 19 konfirmantar i år.

Desse er fordelte med to frå Mjømna/Byrknes, 5 frå Eivindvik, 5 frå Dalsøyra og 7 frå Brekke.

Konfirmantarbeidet har vore leia av Maren Daae og Per Børge Hillestad, og har trass i Covid 19 stort sett fått gå som normalt på onsdagane.

I år, som tidlegare, var undervisninga halden på Dalsøyra skule/samfunns-

hus.

Ein fredag arrangerte vi pizza- og kinokveld i prestebustaden, med Maren som glimrande kokk.

Ein planlagt pizza- og kinokveld måtte avlyst på grunn av Covid-19.



Frå pizza-/kinokvelden i prestebustaden

Konfirmantane var med og lagde til ei flott pilegrimsgudsteneste knytta til Sunnivaseglen frå Selja til Bergen.



Sterke konfirmantar ber Sunnivaskrinet frå jekta og opp til Gulen kyrkje

Seglasen vart arrangert av Bjørgvin bispedømme saman med blant andre Kystpilegrimsleia, og Eivindvik, som er utpeika som nøkkelstad for kystpilegrimar, var eit sjølvstopp på ferda. Gudstenesta inneheldt flotte innslag av dans og solosong, og konfirmantane deltok også med liturgiske innslag.

Kyrkjelyden sette stor pris på konfirmantane si deltaking. Konfirmantane har også delteke på vanlege gudstenester med ulike oppgåver.

Digitale gudstenester

Pinsedag kunne vi på grunn av Covid-19 ikkje arrangere vanleg gudsteneste, og løysinga vart ei digital gudsteneste frå Gulen. Barn og unge stilte flott opp som liturgar og gjorde ein framifrå innsats. Vår gode klokkar Aage Sandal heldt eit flott innlegg om Gulatinget og historia rundt det. Ei utvida kyrkjesonggruppe song under glimrande leiing av Anne Tveit, dei song salmar som lyfta oss like til himmels, og Ingelin Flåen Olsen song rørende inn i hjarta våre med si vakre stemme.

Maia Wesenlund Hjørnevåg og Hans Høie traff oss i sjela med si nydelege tolking av velsigninga.

Gudstenesta var produsert av vår nye prest Per Børge Hillestad.

Tal gudstenester, døypte, konfirmerte og vigde 2020 vs 2019:

<u>Gudstenester</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Gulen:	22	25
Brekke:	15	19
Mjømna:	16	20
<u>Døypte</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Gulen:	9	6
Brekke:	5	2
Mjømna:	6	6
<u>Konfirmerte</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Gulen:	18	18
Brekke:	6	9

Mjømna:	0	5
<u>Vigde</u>	<u>2020</u>	<u>2019</u>
Gulen:	1	0
Brekke:	0	0
Mjømna:	1	6

Nokre av gudstenestene var reine dåpsseremoniar med kun dåpsfølget til stades, på grunn av koronatiltaka.

Trusopplæring

Når det gjeld trusopplæring, så har det vore utfordrande å gjennomføre ein del av tiltaka på grunn av koronarestriksjonane. Det blei gjennomført to samlingar med minikonfirmantar på Byrknes i februar/mars, men minikonfirmanthelga på Alværa måtte avlysast, for då slo pandemien til.



Heldigvis fekk vi gjennomført utdelinga av 4- og 6-årsbok på hausttakkefesten i alle kyrkjene, og dei som ikkje var til stades, fekk tilsendt boka i etterkant. Ei tårnagentsamling blei gjennomført i Brekke i oktober. Det blei arrangert ei pilegrimsgudsteneste i Gulen kyrkje 1. september i samband med at Sunnivasegласen kom innom Eivindvik, og der var både dei fire unge som var med på ferda, og kofirmantane med i gudstenesta.



Dei fire ungdomane frå Sunnivaseglasen ved krossen i Krossteigen. Frå venstre: Dina Øien frå Florø, Victoria Lid frå Os, Sunniva Aadland Høen frå Oslo/Selja, og Elisabeth Osdal frå Stad.

Vanlegvis inviterer kyrkja både barnehagar og skuleklassar til besøk i kyrkja, og til skulegudsteneste før jul. I år gjekk dette ut på grunn av koronarestriksjonane.

Sokna

Kvart sokn har i den nye ordninga eit sokneutval.

Det er ikkje eit formelt organ, men er viktig for å vere nær den einskilde kyrkjelyd og bidra praktisk i det kyrkjelege arbeidet, samtidig som ein har kontakt inn mot Gulen kyrkjelege råd.

Sokneutvala har blant anna oppgåver som kyrkjevertar, dei er med på dugnader, og kjem med innspel til GKR.

Sokneutval:

Brekke:

Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Einar

Takle, Jan Even Østerbø, Herfinn Takle, Olaug Tveit Evensen, Synnøve Bjordal Giil, Marit Sætre, Berit Tveit Solheim, Grethe Brekken Oppedal

Gulen:

Åse Haugen, leiar, Haldis Steine, Asbjørn Neverdal (til oktober), Anita Vevang Nilsen, Elin Systad Lihaug, Eirik Halsnes, Kjersti Anne Utvær Nordgulen, Judith Avril Adams

Mjømna:

Bente Iren Haugen, leiar, Anne Evjenth Ytreøy, Mina Dahl Andreasen, Sølvi-Ann Oddekav, Arve Mjømen, Erene Oddrun Wilberg, Heidi Rosseland, Gunnlaug Oddny Birknes

Brekke sokneutval v/Kåre Sigurd Krakhella

Året 2020 var første året med felles sokneråd og sokneutval for Brekke. Det har difor ikkje vore sokneutvalet si oppgåve å handsame formelle saker, eller saker som er felles for sokna. Og på grunn av koronasmitten har det vore svært liten aktivitet i utvalet.

Vi valde etter ei stund med smittestriksjonar å innstille servering av kjeks og kaffi i kyrkja. Kyrkjeverten si oppgåve har etter det avgrensa seg til å registrere frammøtte.

Det blei gjennomført dugnad på kyrkjegarden i byrjinga av mai, og her hadde også Bygdekvinnelaget gjort ein innsats, så det blei rydda godt opp.



På hausttakkefesten delte vi ut posar med frukt til borna.

Juleverkstaden kunne imidlertid ikkje gjennomførast.

Sokneutvalet gav også i år ein blome til dei som har mista ein av sine i løpet av året.

Vi har fått storskjerm i kyrkja til bruk under gudstenesta. Denne må stå på golvet for å unngå søknadsplikt.

Jan Ivar Kjelby har laga og gitt kyrkja eit høveleg bord til å plassere storskjermen på så den kjem i passande høgde.

Jens Brekke har laga og gitt oss ein stabil og god juletréfot i stål. Takk til desse to.

Vi har også teke i bruk broderte dåpsdukar, laga av Anne Kristine Evjenth Ytreøy.

Brekke sokneutval har hatt to møte og handsama 13 saker.

I tillegg har vi hatt ein del kontakt på e-post og telefon.

Olaug Tveit Evensen var utsending til digitalt årsmøte i NMS.

Friviljug klokkarteneste som vart utført på dugnad: Bjarne Tveit, Bodil Bjørlo Takle, Kristin Kjelby, Ragnar Mundal, Olaug Tveit Evensen, Kirsti Hjellum.

Bodil Bjørlo Takle har teke over for Kirsti Hjellum.

Gulen sokneutval v/ Åse Haugen

Det har blitt gjennomført 2 møte i sokneutvalet.



I vår deltok sokneutvalet på dugnad på kyrkjegarden. Til vanleg brukar Pensjonistlaget å vere med, men det blei ikkje aktuelt pga. korona.

Før konfirmasjonane i haust var det dugnad inne i kyrkja med rydding og reinhald. På innsetjingsgudstenesta for presten hadde alle sokneutvala i fellesskap ansvar for kyrkjekaffien. Sokneutvalet har bestemt at som eit viktig trusopplæringstiltak skal også dei frå Gulen få tilsendt 4- og 6-årsbøkene om dei ikkje kan møte i kyrkja.

Mjømna sokneutval v/ Bente Haugen

Som for alle andre, vart aktiviteten til Mjømna sokneutval i 2020 noko redusert på grunn av koronapandemien, men ein del aktivitet har vi hatt.

Eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter:

Det var i 2020 kun to eldretreff på Byrknes bu- og omsorgssenter. Disse vart gjennomførte siste tysdag i januar og i februar. Det var andakt ved Bjørn Magne Hansen. Sølvi-Ann Oddekalv og Anne Ytreøy frå sokneutvalet serverte heimebakst og kaffi.

Det var som vanleg eit åresal, der pengane som kom inn, skal gå tilbake til eldretunet i form av noko som kan komme dei til nytte.

Konfirmantdugnad:

Mjømna sokn hadde i 2020 kun éin konfirmant. Han blei konfirmert i Eivindvik, men hadde sine dugnadstimar i soknet vårt. Han brukte et par av timane sine på eitt av eldretreffa våre, der han bidrog med nydeleg song.

Utegudsteneste på Sande:

Per Børge, saman med sokneutvalet, arrangerte ein familiedag med utegudsteneste på Sande. På grunn av regn måtte vi trekke inn i grendahuset etter gudstenesta. Der serverte sokneutvalet pølser, kaffi, saft og eigenproduserte kaker.

Vi hadde òg utlodning med åresal (papirårer på grunn av smittefaren). Sokneutvalet sørga for gevinstar, både sjølv laga, kjøpte og gåver frå andre.



Dette vart ein vellukka dag, slik at vi ønskjer å arrangere ein ny familiedag til sommaren.

Dugnad:

Sokneutvalet hadde også våren 2020 dugnad både i kyrkja og på kyrkjegarden. Då vi måtte ta omsyn til smittevern og avstand til kvarandre, var det kun sokneutvalet som deltok. I kyrkja blei det vaska og rydda, medan vi på kyrkjegarden valde å fjerne kransar som var lagt på gravene før jul, og som ikkje var fjerna av pårørande.

Mina Dahl Andreassen og Kim Rambjørg fjerna òg ei rotvelte frå kyrkjegarden.

Elles har det blitt kosta, og det har blitt klipt vekk ein del kvistar i hekken.

Klokkartenesta blei utført på dugnad.

Møte i sokneutvalet (såkalla kjøkkenmøte):

Sjølv om året var prega av at kyrkja i periodar har vore heilt eller delvis

stengt, har sokneutvalet likevel jobba aktivt.

I januar og februar hadde vi, tradisjonen tru, sokneutvalsmøte på aktivitetsrommet på "Tunet", der også presten var til stades.

Seinare på året blei møta meir sporadiske etter som det var behov for det.

Vi har mellom anna begynt å planlegge maling av dåpssakristiet og oppussing av bårerommet.

Noko av arbeidet der kan gjerast på dugnad. Dette kan vi sjølvstøtt berre greie dersom smittevernreglane ikkje set ein stoppar for dugnadsarbeidet vårt.

Vi har òg valt å jobbe som om koronaperioden snart er over, slik at vi kan realisere nokre av planane vi har.

I forkant av møte i Gulen Kyrkjelege Råd, der to av medlemmene i sokneutvalet er med, har vi gjerne hatt kortare møte/treff for å høyre om det er noko medlemmene ønskjer skal bli teke opp på møtet i GKR, eller om det er kommentarar til saklista for møtet. Sokneutvalet har engasjert seg for å få på plass heilt ny rullestolinnangang. For oss er det viktig at alle får høve til å komme med sine meiningar.

Kyrkjer og kyrkjegardar

Brekke:

Ny tårndør er på plass i tårnet på Brekke kyrkje, og ferdigstilling av maling/vøling av arbeid hovudsakeleg utført i 2019. Prosjektet som gjeld endring inne i kyrkja, utskifting av

benker m.m., er ikkje kome i gang, då det ikkje er utarbeida og godkjent endeleg prosjektplan. Gulen kyrkjelege råd/ fellelsråd har vore på synfaring, og også vore på besøk i Hyllestad kyrkje med orientering om prosjektet der. Fellelsrådet vil arbeide vidare med saka.

Oppedal gravplass:

Etter at den gamle og store granhekken vart fjerna i 2019, har det vore sett av midlar til å få opp eit nytt gjerde. I desember kom det på plass, med ny port i enden av gravplassen. Dette skal vere av god kvalitet og halde lenge.



I tillegg er klokkestøpulen vedlikeholden.

I haust datt eit stort tre ned på gravplassen, men heldigvis blei ingen gravsteinar skadde, berre gjerdet fekk seg ein liten trøkk.

Gulen:

Hovuddøra i kyrkja har stått mot vêt og vind i over 30 år, men i haust blei trykket for stort, og nedste bordet blei pressa inn. Det viste seg at det var ein del rote i døra, og etter ei vurdering vedtok fellesrådet å bestille ny dør. Den nye døra kom på plass i september, ei skikkeleg praktdør.



Dei andre ytterdørene har også blitt vølte og malte oppatt, så no tek det seg fint ut, samtidig som dørene er gode å få opp.

Gulen gravplass:

I september blei dei store trea ved parkeringsplassen tekne vekk, samt to poplar som stod inne på gravplassen. Kommunen hadde innhenta ei fagleg vurdering både på desse trea og dei

nedanfor kommunehuset, og ikkje minst av HMS-omsyn var tilrådinga å ta dei ned. I samband med dette arbeidet blei også skråninga ovanfor parkeringsplassen rydda for busker og kratt, og etter all oppryddinga har vi fått ein mykje større parkeringsplass, innsyn over heile gravplassen, og mykje meir lys inn på gravene nær gjerdet.



Det var skikkeleg store dimensjonar over dei to poplane inne på kyrkjegarden som måtte fjernast. Ikkje for folk med høgdeskrekk å klatre slik dei to profesjonelle trefellarane gjer her!

I desember blei det lagt asfalt på parkeringsplassen, og bossdunkane oppe ved kyrkja blei flytta ned dit. Det var på tide å få dei vekk frå kyrkjeveggen, og no vil bossbilen tømme dei når han køyrer forbi.

Mjømna:

Dåpssakristiet i kyrkja har fått seg ei skikkeleg oppgradering, mesteparten gjort på dugnad. Det er no betre tilhøve både for dåps-born med foreldre, men også når ein skal førebu kyrkjekaffi. Dei gamle skåpa er sette opp på gangen ved galleriet, det trengst for oppbevaring av utstyr til jul, påske o.l.



Elles har det blitt arbeidd med å finne ei løysing for ny rullestolinnang. Den gamle er vakker, ligg fint langs kyrkjeveggen og har vore tenleg lenge, men rullestolane har blitt større og elektriske, og har vanskar med å kome inn gjennom døra. Dessutan er

det eit problem ved gravferder, då er det for trengt å kome forbi kista inne i kyrkja, i og med at inngangen for rullestolbrukarar er framme.

I oktober var det synfaring med representantar frå bispedømekontoret, kommunen og sokneutvalet, og ein var samde om at det må finnast ei løysing på oppsida av kyrkja, med heilt ny inngang inn i våpenhuset. Fellesrådet vil arbeide vidare med dette prosjektet.

Økonomi

Dette er første året med felles rekneskap for dei tidlegare sokna og fellesrådet.

Det har vore gitt uttrykk for at ein ynskjer å ha oversikt over kva som er samla inn i dei ulike kyrkjene av offer, og sameleis om det er gitt gåver til spesielle føremål.

Dette er ivareteke i rekneskapsføringa.

Tiltak knytt til koronapandemien gjer også utslag i rekneskapen, og aktivtetsbaserte kostnader knytt til trusopplæring og konfirmantar er difor under budsjett.

Det same er skyssgodtgjeringa.

Når det gjeld utgifter til straum, er dei reduserte som resultat av lågare prisar, men også knytt til færre gjennomførte gudstenester.

Det inneber også færre ofringar, og overføring av innsamla midlar og midlar til eige arbeid er sterkt redusert.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blei gjennomført digitalt.

Det har blitt gjort vedtak utover opprinneleg budsjett når det gjeld innkjøp til utstyr i kyrkjene, og til ny hovud-dør i Gulen kyrkje.

Kostnader knytt til avgifter, gebyr og lisensar aukar, og med dagens digitale utvikling vil dette halde fram, då det stadig er nye lisensar som må på plass.



I haust blei det lagt inn giro i kyrkjelydsbladet, noko som resulterte i gåver på til saman kr 84.550,-. Det gir eit overskot på kr 36.046,05, som er avsett på fondet til bladet.

Rekneskapen for Gulen kyrkjelege fellestråd er ført på rekneskapsavdelinga i kommunen gjennom tenestekjøpsavtalen.

Det er gitt tilskot frå kommunen med kr 2.329.000 i driftstilskot og kr 150.000 i investeringstilskot, totalt tilskot på kr 2.479.000.

I tillegg kjem verdien av tenestekjøpsavtalen. Tenestekjøpsavtalen med kommunen inneheld avtale om rekneskapstenester, IKT-tenester, kontorlokale og tenester frå drift/vedlikehaldsavdelinga.

Endeleg kostnad for denne tenesta utgjorde i 2020 kr 579.785,-, men den

har ikkje rekneskapsmessig effekt, då den er sett opp i balanse.

Totalt sett har koronatiltaka ikkje medført vesentlege auka kostnader for kyrkja, men den har heilt klart lagt ein dempar på aktiviteten og slik redusert kostnader vi normalt skulle hatt.

Det har ikkje vore permitteringar, då kyrkja som gravplassmyndigheit må ha beredskap heile tida.

Driftsrekneskapen viser eit overskot på kr 84.557,31.



Kva skjer på Alværa?

Det har vore minimalt med aktivitet på Alværa misjonscenter i det siste på grunn av koronaen.

Men etter kvart håpar ein at smittesituasjonen blir slik at ein igjen kan samlast. Difor er desse arrangementa sette opp:

17. april: Kyrkje- og misjonsdag

23.-25. april: Barneleir

30. mai: Alværastemne

11.-13. juni: Familieleir

Følg med på NMSU sine nettsider eller på facebookside *Alværa Misjonscenter*.

Kontakttelefon: 48990661



Julekakebaking til påske!?

I kyrkjelydsbladet sin julekonkurranse var oppgåva å finne namnet på 10 kakesortar der bokstavane var stokka om. Svaret kjem her:

- 1: RUSSAPRINSIPP = Sirupssnippar
- 2: KARASNEKKE = Kransekake
- 3: RURSTANGMIL = Smultringar
- 4: TEPPEPRENTØR = Peppernøtter
- 5: MENAKKEN = Kakemenn
- 6: NEISERAKKAR = Serinakaker
- 7: TJARTOHEKK = Hjortetakk
- 8: STAURASLEKT = Lussekattar
- 9: TJUKKRASER = Sjakkruter
- 10: SLUSKEPAI = Spekulasi

Særleg den siste oppgåva var lei å finne ut av. Vi fekk inn berre eitt rett svar, og vinnaren er:

Lilly Eide, Bergum 3E, 6809 Førde

GRATULERER! Ein liten premie er undervegs!

Men kva slags kake er *spekulasi*?

Vi let forfattaren av konkurransen, Marit Sandal, seie noko om det:

Spekulasi er ein julekakevariant som eg kjenner godt frå Trøndelag og som

heiter *spekelasi* der nord. Men kakene finst over heile landet. Dei blir óg kalla, *spekulasje*, *spikkelasje* eller *spekelasje*. Kakene finst også nedover i Europa, i Belgia, Nederland og Tyskland. På godt norsk kan kakene kallast *kvite kakemenn*.

Oppskrifta som eg kjenner, er enkel:

2 beger leltrømme

2 beger sukker

2 ts hjortetakk

Ha i mjøl til deigen er kjevlbar.

Deigen kan gjerne stå i kjøleskap natta over.

Kjevl deigen litt tynnare enn ein halv centimeter, for kakene hevar seg godt under steikinga. Steik kakene midt i omnen på 200° i ca. 5-10 minutt.

Kakene skal vere kvite, så det er lurt å prøve seg fram.

God bakst!

Marit

Fasteaksjonen 2021

Motto: Forandre. For andre.

Ingen barn skal måtte drikke skite vatn. Likevel må 785 millionar menneske det, kvar dag.

Aldri før har reint vatn vore så viktig som i 2020, då pandemien ramma oss alle. Utfordringane fortset også i år. Kirkens Nødhjelps 60 år lange erfaring, kunnskap og arbeid med vatn er livsviktig i kampen mot det dødelege viruset.

Bli med i denne kampen!

www.fasteaksjonen.no

VIPPS/SMS: VANN til 2426 (250 kr)

Konto: 1594 22 87493

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

BREKKE SOKN:

14.02.21: Thea Zell-Ynnesdal. For.:
Hanne Zell og Even André Ynnesdal.

MJØMNA SOKN:

24.12.20: Gabriel Andreassen
Fonseca. For.: Madelen Dahl
Andreassen Fonseca og Antonio
Carlos Fonseca.

Døde:

BREKKE SOKN:

30.11.20: Stig Kåre Ottesen, f. 1965.

04.01.20: Torleiv Asbjørn Breidvik,
f. 1941.

08.01.21: Håkon Gudleik Asheim,
f. 1934.

15.02.21: Egil Kjell Takle, f. 1947.

MJØMNA SOKN:

10.02.21: Magnus Agnar Nymark,
f. 1936.

GULEN SOKN:

14.02.21: Oddlaug Bjørg Stendal,
f. 1931.

23.02.21: Marie Høidal, f. 1929.

01.03.21: Egil Undertun, f. 1943.



Kyrkjekalenderen



***NB!!** Det kan bli endringar i oppsett
gudstenesteliste. Følg med i aviser,
oppslag og nett: www.gulen.kyrkja.no
og Facebook: [kyrkjaigulen](https://www.facebook.com/kyrkjaigulen)*

28.03., Palmesøndag

Byrknes bedehus kl. 15.30 v/Bjørn
Magne Hansen. Offer: Sygna vgs.

01.04., Skjærtorsdag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge
Hillestad. Offer: Blå kors.

02.04., Langfredag

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge
Hillestad. Ikkje offer.

04.04., Påskedag

Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge
Hillestad. Offer: Changemaker.

04.04., Påskedag

Brekke kyrkje kl. 19.00 v/Per Børge
Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeid.
Kveldsmat på bedehuset.

05.04., 2. påskedag

Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Per
Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelyds-
arbeidet. Soknemøte etter gudstenesta.

11.04., 2. søndag i påsketida

Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge
Hillestad. Offer: Misjonærprosjektet i
Mali.

18.04., 3. søndag i påsketida: Ikkje gudsteneste i Gulen.

25.04., 4. søndag i påsketida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

02.05., 5. søndag i påsketida:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Alværa misjons-senter.

09.05., 6. søndag i påsketida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Konfirmasjon. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

13.05., Kristi himmelfartsdag:
Ikkje gudsteneste i Gulen.

16.05., søndag før pinse:
Ikkje gudsteneste i Gulen.

23.05., Pinsedag:
Tusenårsstaden Gulatinget kl. 11.00
v/Per Børge Hillestad. Offer: NMS.

24.05., 2. pinsedag:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Utegudsteneste?
Offer: Sande grendalag.

30.05., Treeiningssøndag:
Brekke kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Utegudsteneste?
Offer: Misjonærprosjektet i Mali.

06.06., 2. søndag i treeiningstida:
Ikkje gudsteneste i Gulen.

13.06., 3. søndag i treeiningstida:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

20.06., 4. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/Per

Børge Hillestad. Offer: Kirkens Bymisjon.

20.06., 4. søndag i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 16.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Kyrkjelydsarbeidet.

27.06., 5. søndag i treeiningstida:
Gulen kyrkje kl. 11.00 v/Per Børge Hillestad. Offer: Misjonærprosjektet i Mali.

04.07., Aposteldagen:
Ikkje gudsteneste i Gulen.

11.07., 7. søndag i treeiningstida:
Mjømna kyrkje kl. 11.00 v/ Per Børge Hillestad. Offer.

18.07., 8. søndag i treeiningstida:
Ikkje gudsteneste i Gulen.

25.07., 9. søndag i treeiningstida:
Brekke kyrkje kl. 11.00 v/vikar.
Offer.

Konfirmasjonar:

9. mai: Mjømna kyrkje
19. september: Gulen kyrkje
26. september: Brekke kyrkje

Presentasjon av nye konfirmantar

15. august: Mjømna kyrkje
22. august: Brekke kyrkje
29. august: Gulen kyrkje

